



## Referat for SSU-møte 1 - 2025

**Føremål:** Strategisk samarbeidsutval møte 1 2025

**Møtetid:** 24.02.2025 11.00 - 15.00

**Møtestad:** Førde sentralsjukehus, Styrerrommet Hildra

**Møteleiar:** Martin K. Lundgård

Deltakarar:			Fråvær
Namn	Tittel	Eining	
Martin Lundgård	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Terje Heggheim	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	
Anders Skipenes	kommunedirektør	Gloppen/Nordfjord	Teams
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagleg samarbeidsutval	
Kjell-Wernik Nystøyl	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator/ Fagleg samarbeidsutval	
Arve Varden	AD	Helse Førde HF	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	
Asle Kjørlaus	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagleg samarbeidsutval	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Dagrun Kyrkjebø	Samhandlingssjef	Helse Førde HF/Fagleg samarbeidsutval	
Heidi Alice Vederhus	Stadleg leiar NSH	Helse Førde	
Michael Milde	Medlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Arne Hovland	Nestleiar FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
<b>Observatørar:</b>			
Hilde Ystanes	Seniorrådgjevar	KS Vest-Norge	
Linda Svori	Ass fylkeslege	Statsforvaltaren	X
Barbro Longva	Leiar FSU	Stad kommune	X
<b>Vara:</b>			
Bjørn Morten Øen	Direktør Kirurgisk klinikk	Helse Førde	x
Vidar Øvrebø	stadleg leiar Lærdal sjukehus	Helse Førde/Fagleg samarbeidsutval	x
Toril Taklo	avdelingssjef PHV for barn og unge	Helse Førde	x
Øyvind Bang Olsen	kommunedirektør	Kinn kommune/Sunnfjord	



Jens-Eivind Kobbeltvedt	kommunedirektør	Solund kommune/HAFS	
Marius Solbakken	kommuneoverlege	Stryn kommune/Fagleg samarbeidsutval	
Ekstra			
Marit Øilo	Professor, Visedekan for utdanning UiB	UiB	Teams sak 6/2025

## Sakliste

Sak nr.	Tema:	Tidsrom	Ansvar:
1/25	Godkjenne innkalling og sakliste	11:00	Martin Lundgård
2/25	Godkjenne referat frå forrige møte Gjennomgang av aksjonspunkt		
3/25	Rekrutterings- og samhandlingstilskot; retningslinje for tildeling	11:20	Kjell-Wernik Nystøyl Dagrun Kyrkjebø
<b>LUNSJ 12 – 12:30</b>			
4/25	Godkjenne strategi for Sogn og Fjordane helsefelleskap	12:30	Martin Lundgård
5/25	Vestlandslegen i Førde frå 2025	12:50	Marit Øilo, UiB
6/25	Oppfølging etter gruppearbeid SSU møte 3/2024; organisering av helsefelleskapet	13:30	Martin Lundgård Kjell-Wernik Nystøyl Dagrun Kyrkjebø
/25	Eventuelt		

## Referat

Sak nr.	Tema:
1/25	<b>Godkjenne innkalling og sakliste</b>  <b>Innkalling og sakliste er godkjent utan merknader.</b>
2/25	<b>Godkjenne referat frå forrige møte</b>  <b>Gjennomgang av aksjonspunkt</b>



AKSJONSPUNKTLISTE Møte 3/2024				24.02.25
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist	Kommentar
1	Utarbeide Årshjul og møteplan for Strategisk samarbeidsutval	Sekretariat	Møte 1, 2025	Endre møte 3: 30.09 kl. 11-15
2	Sende notat frå gruppearbeid – Samhandlingsmodellar til sekretariatet	Gruppesekretærar	Etter møtet	Kjem i eiga sak
3	Utarbeide konkrete forslag til tiltak for samhandling, basert på tilbagemeldingane frå gruppearbeidet i dagens møte.	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025	Kjem i eiga sak
4	Arbeidsgruppe for Samhandlingskonferansen starte arbeid med konferanse sept. 2025			Starte arbeid, avklare omfang 1 eller 2 dagar. (18. og 19.sept.)
5	Utarbeide skjema for samarbeid og rapportering, samhandlingsmidlar	Sekretariat	Første del 2025	Kjem i eiga sak
6	Evaluere modell for tildeling av tilskot	SSU	2025	Kjem som eiga sak
7	Arbeidsgruppe legge fram forslag til revidert strategidokument	Sekretariat, leiar SSU, Heidi A. Vederhus og Jan H. Dale	Møte 1, 2025	Kjem som eiga sak.
8	Fastsette møteplanen for 2025	Leiar	Møte 1, 2025	Ok.
9	Kalle inn til første møte 24.02.25	Sekretariat	Snarleg	Ok.
10	Få med UiB for å orientere om Vestlandslegen	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025	Kjem som eiga sak.
11	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025	Utsette til møte 2. Inntil vidare er statsforvaltaren beredskapsforum for oss.

**Referat frå forrige møte er godkjent utan merknader. Aksjonspunktliste er gjennomgått og ok.**

**3/25 Rekrutterings- og samhandlingstilskot; retningslinje for tildeling**

Viser til [Presentasjon Sak 3-25 - SSU 1-25.pptx](#). Kjell-Wernik innleiar og orienterer om status.

Sak oppe i SSU i november, og FSU i januar. Tek saka tilbake til SSU og ber om at SSU gir FSU eit meir konkret oppdrag.

Har sett på andre Helsefelleskap, kome med forslag:

- Forslag om enkelt Forms-skjema som søknadsløysing.
- Ynskjer å vere klar til å handsame tildeling av midlar i mai-møtet i SSU.
- utfordringar ein har diskutert og treng litt meir avklaring på; Vurdere kor permanente tilskot skal vere.
- Bør også ha ein enkel kommunikasjonsplan.

Innspel om at ein kan ha ein komité, som ser på og vurderer tildelingane. (vanleg i helseføretaket)

-Innspel om at det bør kome flest mogleg pasientar til nytte, raskast mogleg. Kan vere start-midlar til prosjekt som gir gevinst på tvers av partnarane.

-Utelukke meir såkorn-prosjekt.

-Innspel om å prioritere pasientnære aktivitetar, mindre aktuelt å finansiere konferansar, enkeltarrangement



	<p>-Trequ å nytte noko av midlane til Samhandlingskonferanse/Erfaringskonferanse. Har også nokre midlar att frå 2024.</p> <p>-Tenke på signaleffektane ved å nytte mykje av midlane til konferansar. Hovudbiten bør gå til pasientnær aktivitet.</p> <p><b>Framlegg til vedtak:</b></p> <p><i>Strategisk samarbeidsutval ber fagleg samarbeidsutval om å utarbeide retningslinje for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskotet som ivaretek dei overordna føringane som ligg i vedtak i sak 31/24, og sørger for ei søknads- og rapporteringsløyising som er så enkel som mogleg for involverte partar.</i></p> <p><i>Strategisk samarbeidsutval godkjenner rutinen på e-postrunde etter FSU sitt møte 28.03.25.</i></p> <p><b>Merknad:</b></p> <p>Legge til setning om at det skal vere: Konkrete tiltak med god pasienteffekt for dei 4/5 prioriterte pasientgruppene. Utelukke såkornmidlar.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p><i>Strategisk samarbeidsutval ber fagleg samarbeidsutval om å utarbeide retningslinje for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskotet som ivaretek dei overordna føringane som ligg i vedtak i sak 31/24, og sørger for ei søknads- og rapporteringsløyising som er så enkel som mogleg for involverte partar. Midlane skal nyttast til tiltak som gir effekt for dei prioriterte pasientgruppene.</i></p> <p><i>Strategisk samarbeidsutval godkjenner rutinen på e-postrunde etter FSU sitt møte 28.03.25.</i></p>
4/25	<p><b>Godkjenne strategi for Sogn og Fjordane helsefelleskap</b></p> <p>Viser til <a href="#">Saksgrunnlag 4-25 SSU - Godkjenning av strategi for Sogn og Fjordane helsefelleskap</a> og <a href="#">Vedlegg til sak 4-25 Revidert strategi helsefelleskapet</a></p> <p>Martin innleiar og viser til status, har hatt eitt møte for å revidere/vurdere strategien. Ein tenker at innhaldet står seg godt, men nokre finjusteringar i tekst og formuleringar. Dagrøn viser dei konkrete endringane i møtet.</p> <p>Innspel frå brukarrepresentantar at det er viktig og gledeleg at kvinnehelse, i samband med svangerskap og barseltid er kome inn.</p> <p>Innspel om korleis ein operasjonaliserer og iverksett innhaldet i strategien.</p>



	<p>Ha med at helsefellesskapet skal prioritere brukarrepresentasjon.</p> <p>Innspel om at ein kanskje kan ha beredskap som eige punkt. Kjell-Wernik svarar ut at ein har beredskap som ein integrert del av punktet "Felles planlegging".</p> <p>Skal ha handlingsplan (vist til i strategiplanen).</p> <p><b>Framlegg til vedtak</b> Strategisk samarbeidsutval vedtek strategi for Sogn og Fjordane helsefellesskap for perioden 2025-2028.</p> <p><b>Merknader:</b> Ta inn i innleiinga at ein skal halde fram med å styrke brukarmedverknad i alt arbeid. Arbeidsgruppa får fullmakt til endeleg formulering.</p> <p><b>Vedtak:</b> <i>Strategisk samarbeidsutval vedtek strategi for Sogn og Fjordane helsefellesskap for perioden 2025-2028 med eit tillegg i den innleiande teksten om at brukarmedverknad skal styrkast i alt arbeid i helsefellesskapet.</i></p>
6/25	<p><b>Oppfølging etter gruppearbeid SSU møte 3/2024; organisering av helsefellesskapet</b></p> <p>Viser til <a href="#">Presentasjon sak 6-25.pptx</a></p> <p>Dagrun innleiar og orienterer frå gruppearbeidet i SSU-møte 3 /2024. Viser til oppsummering.</p> <p>Martin orienterer vidare til intensjonane med Helsefellesskapet og oversikt over typar saker ein har hatt oppe dei siste tre åra. Det har vore svært mykje, og overvekt av orienteringssaker, og lite konkrete vedtakssaker. Difor forslag om å tenke nytt for å få meir konkret arbeid. Viser til "Forslag til vidare prosess"</p> <ul style="list-style-type: none"><li>-Diskusjon om intensjonar og type fora, vil uansett vere eit konsensusfora og det er difor realistisk at det framleis vil vere ein del orienteringssaker.</li><li>-Innspel om at det må gjerast endå meir for å konkretisere og forplikte omkring saker og ressursar for å gjennomføre tiltak.</li><li>-Rekruttering vil bli stor utfordring framover.</li><li>-Utfordrande for kommunal side, då dei er meir spreidd, fragmenterte nettverk, og tilhøyrer i tillegg eit større geografisk område (Vestland), enn tidlegare Sogn og Fjordane.</li><li>-Bør arbeidast meir direkte mot dei kommunale nettverka for å nå alle.</li></ul> <p>-Korleis nå fastlegane? Og også andre som styrer pasientforløp i kommunane. -Leiarnivå må sørge for prioritering og etterspørje konkrete leveransar. -Dei prioriterte pasientgruppene er også svært vidtfamnande, bør gjerast eit grundig forarbeid og finne nokre få spisse/prioriterte gruppe, og t.d. arbeide med rekruttering innanfor desse. Dette kunne auka engasjement og vilje for deltaking og prioritering ute.</p>



Partnerane tar runder internt i eigne organisasjonar på korleis ein tenker rundt å redusere tal deltakarar, ev. inkludere andre viktige ressursar.

Diskusjon om korleis ein konkretiserer arbeidet utfrå framlegg til vedtak. I stor grad semje om at framlegg til vedtak er bra, men må spisse dei prioriterte pasientgruppene og integrere planlegging og rekruttering i all samhandling. Viktig å komme i gang og evaluere, for å starte arbeidet.

**Framlegg til vedtak:**

*Strategisk samarbeidsutval tilrår at fagleg og strategisk samarbeidsutval vert slått saman til strategisk samarbeidsutval.*

*Strategisk samarbeidsutval tilrår at ein opprettar faglege samarbeidsutval for dei prioriterte pasientgruppene, og at ein peikar ut eitt område som skal prioriterast for oppstart. Faglege samarbeidsutval blir oppretta fortløpande etter erfaringshausting frå oppstart og etter behov frå tenestene.*

*Strategisk samarbeidsutval tilrår at ein opprettar eit arbeidsutval som blir bindeledd mellom strategisk samarbeidsutval og dei faglege samarbeidsutvala.*

*Strategisk samarbeidsutval ber sekretariatet saman med leiar om å førebu sak for partnerskapsmøtet for endring av overordna samarbeidsavtale.*

**Merknader/Aksjonspunkt.**

Tillegg om å starte med ei gruppe, gi eit mandat for å finne område for å oppstart, deretter få med/utvide til fleire grupper i 2026. Formulere til neste møte og Partnerskapsmøte dersom ein rekk det.

**Vedtak**

*Strategisk samarbeidsutval tilrår at fagleg og strategisk samarbeidsutval vert slått saman til strategisk samarbeidsutval.*

*Strategisk samarbeidsutval tilrår at ein opprettar faglege samarbeidsutval for dei prioriterte pasientgruppene, og at ein peikar ut eitt område som skal prioriterast for oppstart. Det skal utarbeidast mandat for dei faglege samarbeidsutvala. Faglege samarbeidsutval blir oppretta fortløpande etter erfaringshausting frå oppstart og etter behov frå tenestene.*



	<p><i>Strategisk samarbeidsutval tilrår at ein opprettar eit arbeidsutval som blir bindeledd mellom strategisk samarbeidsutval og dei faglege samarbeidsutvala.</i></p> <p><i>Strategisk samarbeidsutval ber sekretariatet saman med leiar om å førebu sak for partnarsskapsmøtet for endring av overordna samarbeidsavtale.</i></p>
5/25	<p><b>Vestlandslegen i Førde frå 2025</b></p> <p>Marit Øilo orienterer til presentasjon.</p> <p>-Spørsmål frå primærhelsetenesta kva tid ein blir påkobla planleggingsarbeidet. Marit Øilo svarar ut at det skal skje snarleg, men arbeider med å finne rett person, skal ha to representantar inn i referansegruppa.</p> <p>Har litt lenger tid for planlegging for primærhelsetenesta, då dette er siste semester/år. Helse Førde har arbeidd med Campus Vie og Bygg Anga og ynskjer å samarbeide med kommune og andre aktuelle instansar for å vere god vertskommune/region for søkjarane.</p> <p>Viktig å koble på kommunane så snart som råd for å både også å kunne vere ein god vertskommune/region, men også omdømebygging generelt, i tillegg til konkret samarbeid om studentane sin plass også i primærhelsetenesta.</p> <p>Helseføretaket er meir påkobla, og har arbeidd i forkant med å kunne tilby denne utdanninga. Har hatt informasjonsmøte i Helse Førde for to-tre veker sidan, stor fokus og interesse internt. Diskusjon om planleggingsfasen, blir jobba med ulike modellar og løysingar, også helseføretaket har spørsmål og uavklarte problemstillingar.</p> <p>Omfattande Helsefellesskapsanliggende.</p> <p>Detaljane for vidare planlegging vil først komme til haust 2025. Sette opp til vidare informasjon i saka SSU-møte 3 eller 4.</p> <p><b>Vedtak:</b> Strategisk samarbeidsutval tek orienteringa til vitande.</p>
/25	<b>Eventuelt</b>

AKSJONSPUNKTLISTE			
Nr.	Sak.	Ansvarleg	Frist
1	Arbeidsgruppe for Samhandlingskonferansen kan starte arbeid med konferanse 2025. På grunn av	Komité	



	økonomisk situasjon, er det semje om at ein vel dagsamling for Samhandlingskonferansen 2025, føreslegne datoar er 18 eller 19.sept.		
2	Utarbeide skjema for samarbeid og rapportering, samhandlingsmidlar	Sekretariat	Første del 2025
3	Vurdere om beredskap (Jobba mykje med frå statsforvaltaren) skal vere oppe som eiga sak	Leiar/sekretariat	Møte 1, 2025
4	Partnarane gjere vurderingar internt om tal representantar i SSU framover. Kan/Bør ein redusere, og er det evt. andre ressursar som bør inkluderast	Partnarane	
5	Formulere forslag til mandat/oppretting av ei prioritert gruppe for fagleg samarbeidsorgan innanfor eit felt	Sekreteriat/ Leiar	Neste møte SSU 14.05 og Partnerskapsmøte 21.05
6	Oppdatering om status for Vestlandslegen og vidare planlegging.	Sekretariat	Møte 3 eller 4 2025